



www.voss.kyrkja.no

Nr 4| 2022 | 81. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



**DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP**

T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,
Signe og Marie
Fleischer

Kontor: Voss

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keiser. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Neste nummer av Kyrkjenytt kjem i veke 36. Frist for melding om stoff er torsdag 18. august.

Kyrkjekontoret på Voss:

Det vert reduserte åpningstider i sommar.
I veke 30 og 31 heldt kontoret stengt, men telefonen er betjent.

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadress: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Telefon: 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse

tlf 959 79 905. E-post st545@kyrkja.no

Kontorleiar Vibeke Lemme Rasdal

tlf 922 45 274. E-post vl454@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik

tlf 995 18 194. E-post cs222@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe

Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post ak649@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

tlf 417 04 958. E-post as257@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang

tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no

Organist Frode Vik , tlf 952 62 084.

Organist Ellen Marie Selland Geithung

tlf 980 64 594.

Organist Edyta Bryk

tlf 95430695.

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

tlf 481 36 520

Kyrkjetenar på Evanger Orlaug Botnen

Styre, tlf 901 12 538

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

tlf 414 75 383

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt

tlf 468 98 970

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Trond

Olav Neteland, tlf 957 02 327

Gravar Vidar Bryn, tlf 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege

Ukvitne, tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjenytt Randi Kløve

tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen og

Lene Brunborg.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert.

E-post hk782@kyrkja.no

Sokneprest i Ulvik og Granvin

Magnar Haaland

tlf 415 46 366. E-post mh977@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post rt682@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

Prostiprest Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsidebiletet er teke bakerst i Vangskyrkja, du ser det over inngangsdøra. Foto: Randi Kløve.

S:4: Kelly Sikkema, Unsplash.com.

S:12: Tim Umphreys, Unsplash.com.

 Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i

Voss herad har kontor i Uttrågata

5 (Kyrkjelunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.

Velkommen, Hans-Christian!

Fyrste juli er den nye soknepresten på Voss på plass. Me gler oss stort, og vil ynskje Hans-Christian og familien hans hjarteleg velkomne til Voss. Under kan du lese ei helsing Hans-Christian har sendt oss.



Mitt navn er Hans-Christian Küspert, og jeg starter i mitt virke som sogneprest på Voss første juli. Jeg er 32 år gammel, gift, og har to barn; en jente på 4 og en gutt på ett år. Jeg snakker en litt ubestemmelig nordnorsk dialekt (og skriver foreløpig helst bokmål, men her kan det jo hende at dere vil gjøre nynorsk-mann av meg over tid), da jeg tilbrakte barndomsårene mine på Hamarøy i Nordland. Siden har jeg bodd noen år på Madagaskar, før jeg gikk videregående på Framnes og studerte i Bergen i nesten 10 år. Jeg har med andre ord god kjennskap til Vestlandet, og har også giftet meg med en bergenser.

Når vi nå kommer til Voss, så kommer jeg fra en prestjobb som sogneprest i Fore og Meløy sogn i Meløy kommune i Nordland. Her har vi vært i tre år. Nå ser vi frem til å bli kjent med Voss og Vossingene. Jeg har ikke vært mye på Voss, men har vært der noen ganger, og vet at jeg kan se frem til å jobbe i en utrolig vakker kirke. Jeg vet jo også at dere alle spiller folkemusikk og jazz, og at hele menigheten sannsynligvis driver med ekstremsport, så jeg gleder meg til alt dette kan bringe med seg til menighetens arbeid... Selv har jeg ikke så mye erfaring med hverken ekstremsport, jazz eller folkemusikk,

men jeg er en hobbymusiker som lager rolig popmusikk/visesang.

Jeg gleder meg til å bli kjent med menigheten, og er selvsagt spent på hvilke ressurser og hvilke utfordringer som møter meg der. Jeg synes at det er spennende at menigheten jobber særlig inn mot unge voksne/småbarnsfamilier, og vi kommer jo selv til å nyte godt av det som småbarnsforeldre. Selv vil jeg prøve å engasjere meg i hele menighetens virke, men har et særlig hjerte for arbeidet med barn og ungdom. Jeg vet også at menigheten har sitt misjonsprosjekt i Etiopia. Selv har jeg aldri bodd i Etiopia, siden foreldrene mine flyttet til Etiopia fra Madagaskar etter at jeg var flyttet hjemmefra, men jeg kjenner godt til landet, og til NMS sitt arbeid i Blånilddalen og resten av Etiopia. I mange år var det tradisjon at vi feiret jul i Etiopia. Foreldrene mine, Klaus og Sonja Küspert, bodde der i ti år, og min storesøster Sophie og familien hennes bor der fortsatt.

Nå er vi midt i pakkingen og flyttingen, og vi gleder oss veldig til å møte dere. Min første gudstjeneste blir den 03.07. Vi sees.

Hans-Christian

Den som har fått tilgjeve mykje, elskar mykje.



av Ragnar Tesdal

Lukas 7, 37-50

No var det ei kvinne der i byen som levde eit syndefullt liv. Då ho fekk vita at Jesus låg til bords hos farisearen, kom ho dit med ei alabastkrukke med dyr salve. Ho vart ståande bak Jesus, nede ved føtene, og gret. Så tok ho til å fukta føtene hans med tårene og tørka dei med håret sitt. Ho kyste føtene hans og smurde dei med salven. Då farisearen som hadde bede han heim, såg det, tenkte han med seg: «Var denne mannen ein profet, visste han kva slag kvinne det er som tek i han, at ho lever eit syndefullt liv.»

Då tok Jesus til orde og sa til farisearen: «Simon, eg har noko å seia deg.» «Tal, meister», svara han. Jesus sa: «To menn stod i skuld til ein som lånte ut pengar. Den eine var skuldig fem hundre denarar, den andre femti. Men då dei ikkje hadde noko å betala med, ettergav han dei begge skulda. Kven av dei vil halda mest av han?» «Den han ettergav mest, tenkjer eg», svara Simon. «Du har rett», sa Jesus. Så vende han seg til kvinnen og sa til Simon: «Ser du denne kvinnen? Eg kom inn i ditt hus; du gav meg ikkje vatn til føtene mine, men ho fukta dei med tårer og tørka dei med håret sitt. Du helsa meg ikkje velkommen med eit kyss, men ho har ikkje halde opp med å kyssa føtene mine heilt frå eg kom inn.

Denne fortellinga er eg veldig glad i. Eg syns Jesus behandler både kvinnen og Simon med stor innsikt.

Derdei andre såg uanstendig oppførsel, ser Jesus eit menneske som har opplevd noe fantastisk, og som må få uttrykkja kor takknemleg ho er. Vi veit ikkje kva ho hadde gjort, men det visste tydelegvis gjestene i selskapet. Men ho lot seg ikkje stoppa av forakten i blikka deira. Her ville ho inn, og ho lar seg ikkje stoppa før ho er framme med Jesus. Og så får vi sjå korleis det kan sjå ut når eit hjarta renn over av takk og kjærleik.

Ho sparer ikkje på noko. Ho har med det finaste ho eig. Ein dyr salve. Verdt meir enn ei vanleg årsløn på den tida. Ho lar salven strøyma over dei såre føtene til Jesus. Korleis hadde ho fått råd til noko så dyrt? Kanskje prostitusjon, har mange tenkt, men vi veit ikkje. I streng jødedom er all berøring mellom mann og kvinne forbudt, hvis dei ikkje er gifte. Ikkje så rart at farisearane i Simons hus vart sjokkerte når ho slår ut håret og brukar det til å stryka utover blandinga av salve og tårer.

Ho er ikkje så stødig i reglane for skikk og bruk, men ho er full av takknemlig kjærleik. Simon, verten, er rysta. Han er indignert over Jesus som godtar slik oppførsel.

For å sitera Bob Dylan litt fritt: **He`s got something better, he`s got a heart of stone.**

Simon har noko som mange av oss har; eit skarpt og kjølig blikk når vi ser på andre sine feil.

Likninga som Jesus fortel til Simon, er lett å forstå. Og den er inspirerande for alle som kjenner at dei treng mykje tilgivelse. Om starten på livet ikkje gjekk så bra, kan fortsettelsen bli bedre.

Gjennom arbeidet mitt i Kalfarhuset, har eg fått sjå noko som har minna meg om kvinna i Simons hus.

Ein av folka her vart arrestert 16 år gamal for ein alvorleg forbrytelse. Kvar dag i fleire veker måtte han i retten og bli minna om det han hadde vore med på. Men kvar dag gjentok eit lite ritual seg utanfor celledøra hans. Ein eldre fange som skjønte kva han gjekk igjennom, møtte han kvar morgen og holdt rundt han i mange minutt før han gjekk i retten, så gjorde han det same igjen kvar ettermiddag før han vart låst inn på cella si. Holdt rundt han, lenge.

Slik fekk han kvar dag to porsjonar med varme og forståelse, innimellom forferdelege bilder av det han hadde gjort.

Han har sagt at det redda han frå å bli heilt forsteina. Det gjorde at ein vond og hard klump djupt inne i han, smelta. Seinare lærte mannen ungguten å spela gitar. Det gav han eit redskap til å uttrykkja følelsane på ein bedre måte enn gjennom vold.

Han som hjalp denne guten lever ikkje lenger, men han var ein av dei varmaste menneska eg har møtt. Og ein viktig grunn til det, var at etter han vart arrestert, skjøna han at Jesus hadde tilgitt han. Og det gjorde han varm om hjarta av takk. Så blei det viktig for han å få andre til å skjøna at der synda er stor, er nåden større.

Enno har vi desse lappane liggjande i Kalfarhuset, som eit minne og ei varm helsing frå han.

På lappen står det «Husk at du er elsket av Gud.»

Det er jo ikkje så positivt å vera ein syndar, den som angrar, ville meir enn noko ynskja at det vonde som skjedde, kunne vore u gjort. Men det går an å finna nåde og tilgivelse gjennom det Jesus har gjort. Då kan du bli eit varmare menneske enn du var før. Då kan du til og med få vera ein takknemleg og fornøgd syndar.

Voss Kantori (VOK)

Det nærmar seg ny sesong for VOK.

I løpet av dei siste åra har medlemstalet i koret minka mykje. Det er fleire grunnar til dette. Koronaen må nok ta litt av skulda, men elles er det fråfall grunna alder, nokre har flytta frå Voss og andre har rett og slett berre slutta. No møtast me ein liten gjeng og prøver å halde liv i koret, men det blir jo litt stusseleg, då.

I løpet av åra har me arrangert konserter, med og utan gjestar. Me har vore med på Osafestivalen, Vossajazz og fleire store prosjekt som:

- «Bjerkheim-jazz» (T.Bjerkheim/Olav Arne Steinkopf),
 - «Sacred Concert» (Duke Ellington),
 - «Visst skal våren komme» (Sigvald Tveit/Eivind Skeie),
 - «Strenge er av gull» (Grundtvig/Sigvald Tveit/Eivind Skeie),
- for å nevne nokre av dei.

I desse prosjekta har me samarbeidd med andre kor frå Voss, Hardanger, Bergensregionen og Ål i tillegg til forskjellige musikarar.

Me ønskjer veldig å få til noko liknande att, men då MÅ vi ha fleire songglade medlemmar.

I midten av september skal me arrangere ein songkveld i Vangskyrkja der vi tek for oss gamle og nye songskattar. (Det kjem lysing i avis «Hordaland».) Få med deg nokre vener, nabobar eller slektningar og møt opp for å sjå og høre om DU/DE vil bli ein del av VOK!

Seinare i haust syng me tradisjonen tru Jo Asgeir Lie si folkemusikkmesse på sundagsgudstenesta under Osafestivalen, me er med på julekonsertane i Vangskyrkja 11. desember, og det hadde vore grådig artig å få til ei jazzmesse med swingande musikk til Vossajazz neste år!

Ta gjerne kontakt med kantor Astrid Gjestvang, tlf. 958 56 414 hvis du vil ha meir info.

Ingrid W. Vethe og Astrid Gjestvang

Misjonsprosjektet



Den barmhjertige samaritan på Mao Hozo

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

6. mai i år vart det for første gang gjort ferdig bøker på Mao Hozo språket. Det er forteljinga om den barmhjertige samaritan. 300 bøker vart levert til Olana Lencha. Han er den lokale koordinatoren for Mao-prosjektet.

Mao er mellom folkegruppene som NMS/Det Norske Misjonsselskap vart kalla til å arbeida med i Etiopia for over 50 år sidan. Dei hadde falle ut av både det politiske og kyrkjelege arbeidet. Dei vart til «folket som ikkje vart sett».

Oversetjinga av den barmhjertige samaritan er eit resultat av eit prosjekt som heiter «Bloom». For ei tid sidan kom det i gang eit samarbeid mellom NMS og SIL Etiopia. Dei studerte og kartla dei seks ulike Mao-språka. Dette vart byrjinga på ei ordbok på Hozo og vart grunnlaget for dei første skrivne tekstane. No vert det enkelt å laga bøker på andre språk. Mange malar med tekstar og bilete frå barnebøk og bibelske forteljingar kan lastast ned gratis. For tida er teamet, med Klaus-Christian Küspert i



Foto: Aslak Gotehusa

spissen, klare til å oversetja fleire bibelske forteljingar til Mao Hozo-språket. Dei vil også inkludera andre språk i prosjektet. Teamet trur at denne måten å arbeida på kjem til å bera rik frukt. Også at Mao-folka ein dag vil vera ein del av det store kristne fellesskapet.

Be om at arbeidet med å gjera Guds ord kjent på ulike språk må lukkast.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.

Misjonsprosjektet har eigen Vipps-konto: 505877.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.

Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 400040

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS



Dessesiidene er avsett til trusopplæringa i Voss. Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

[f Trusopplæringa i Voss](#)

T₁₄ og informasjon om konfirmant 2023

Tysdag 24. mai var tilsaman 117 ungdomar frå Evanger, Raundalen og Voss innom Vangskyrkja for å få vita litt meir om konfirmantopplegget vårt. På kvelden var kyrkja full av føresette og nokre konfirmantar som fekk vite enno litt meir.

Ei av oppgåvene ungdomane fekk var å lage kyrkje av lego.

I Granvin og på Vossestrand har det òg vore informasjonsmøte om neste års konfirmantopplegg.

På nettsida vår ligg det påmeldingsskjema og informasjon til alle interesserte.



T₁₆ er MILK

MILK = MiniLeiarKurs for 10.-klassingar

På MILK får du:

- Vite litt om kva det vil seie å vere leiari
- Gratis mat, kvar gong
- Helgetur med aktivitetar (gratis)
- Du kan få oppleve konfirmantleir frå leiarsida (gratis)
- Du får kursbevis og erfaring til CV-en din

Påmelding:
Send SMS med
MILK og namnet ditt til
95262025
(Rønnaug)
Frist: 24.08.22

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



På sporet av Heilag Olav

999 år etter at Heilag Olav gjesta Voss, har åtte- og niåringane i Granvin og niåringane på Voss, vore med på å finne ut litt meir om kva som skjedde og kven denne vikingekongen var.



Borna måtte visa at dei kunne vera Heilag Olav sine folk. Me laga papirbåtar og sjekka om dei flaut. Det gjorde dei og våte vart dei.



Heilag Olav sørga for at folk vart døypte. Det skjedde med full neddykking. Me døyper med vatn på hovudet. Mykje enklare no for tida.



I Granvin fekk fleire kle seg som vikingekonge. På Voss fekk me helsa på ein "ekte" viking. Han kunne ikkje låne ut utstyret sitt, men han kunne fortelje om livet til Heilag Olav.




T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



BARNAS



Labyrint

Hjelp Kaptein Klo å finne skatten!



Finn fem feil!


Her fortel Jesus ein historie til folket. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen



Vits

– Kor kjem dei våte fotspora på teppet frå?
– Eg veit ikkje. Dei har følgd etter meg heilt sidan eg hoppa i den sølepytten.

Prikk til prikk



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Dese oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00




Smått og godt frå Evanger og Bolstad sokn

Tur til Aldalen

Kyrkjelydsturen til Evanger og Bolstad sokn vil i år gå til fjellgarden Aldalen på Bolstadøyri. Sundag 21 august er dato. Me møtest i Aldalen kl 16. Det vert truleg ordna med skyss til dei som treng det. Det vert gudsteneste og sosialt samvær. Alle tek med seg mat og drikke sjølv. For dei som vil gå tek det ca 40 minuttar. Merk av i kalendaren allereie no. Kanskje får me ei omvising av Per?

Tekst og bilete: Gunn Horvei



Dugnad!

Både kyrkjegarden på Evanger og på Bolstad har hatt dugnad av nokre frå soknerådet, saman med bygdefolket. Kvist og kvast vart raka og køyrt vekk. Blomar vart planta i krukker og sneglekverk vart strødd ut langs kyrkjegarden på Bolstad. Tre som står i vegen for utsikta vart saga ned. Flott innsats av alle saman!

Evanger og Bolstad sokneråd hadde dugnad på Evanger kyrkjegard 3. mai. Medlemmer og bygdefolk tok ein velfortjent kaffipause.

Tekst og bilete: Anny Forthun
og Gunn Horvei



Konsert

28. mai var det Evangerlaurdag i Gato på Evanger og opning av Evangerparken, med stor suksess og mykje folk.

Det var open kyrkje med opplegg for kyrkjevandring frå kl 11 til kl 15.

Kl 13 var det vakker konsert av Hege Anita Rønningen Tveito (song) og Grethe Hovland (piano).

Dei 60 som var i kyrkja fekk ei god oppleving. Hege og Grethe framførde fleire songar både på norsk og på engelsk av kjende og kjære artistar frå Norge og verda ellers.

Dei opna med: Å kunne eg skrive, av Bremnes syskena og fortsette med 6 songar til, blant dei, Har du fyr, Fields of gold og Vår beste dag av Erik Bye.



Tekst og bilete: Anny Forthun

Jonny Sjursen tok opp konserten i si heilheit.

Soknerådsleiar i Evanger og Bolstad sokn Nora Mykkeltvedt takka Hege og Grethe for konserten med blomar.

Illustrasjonsfoto



En ferie å glede seg til

Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig

VIPPS en gave til **13130** (merket FERIE)
gi på konto **3201 52 74165**



Turistvertar i Vangskyrkja

Endeleg kan me ynskje turistar velkomne inn i kyrkja att! Fleire kjekke ungdommar (og nokre litt "eldre ungdommar") har fått sommarjobb, og har no lese seg opp på historia til Vangskyrkja.

Ein treng ikkje være langvegsfarande for å ta turen. Hjarteleg velkomne innom!

Vær merksam på at kyrkja vil være stengd ved gravferd og vigsler.

Me held Vangskyrkja open tysdag til laurdag frå kl 10 til 16.

Ope kyrkje Vangskyrkja

Kvar måndag kl. 18 - 21



Velkommen inn til:

- Lystenning
- Bønn
- Stillheit og kvile

Tidebøn frå kl 18.00 - 18.30

Ope kyrkje tek sommarferie frå 18. juli - 8. august.

Reis meir kollektivt - del 2

Tekst: Arne Mosefinn

**I del 1 nevnte eg turmål du kan nå med tog.
Her kjem nokre turforslag du kan nå med buss.**

Mot Stronde:

Om sommaren går det ofte bussar til Stronde og Gudvangen. Ein fin tur er t.d. å ta bussen til Løno, gå opp mot Staup og vidare ein tydeleg og god sti til Breiming. Herifrå kan ein ta nord-austover til Løyning (sjå skilt), og vidare ned til Afdalstølen. Så går det bratt ned til Afdal og langs bilveg til Tvinno. Ta gjerne ein avstikkar frå ein av svingane og ut til toppen av Tvinnefossen, før du tek bussen heim att.

Frå Tvinno/Leiddal går det sti opp til fjellgarden Hustveit. Ein kan og gå vidare til Leidalsstølen på god sti. Vil ein ha ein rundtur, kan ein gå vidare til Lundset. Her kan det vera vanskeleg å finna ein god sti. Frå Lundset er det stølsveg ned til Kvarmo.

Frå Vinje kan ein gå opp til Brileset (stølsturmål i 2021). Så kan ein ta seg fram i lettgått terrenget austover til fjellgarden Fjellet, og på sti/veg ned til Øyjordi og til Framnes der du tek bussen heim.

Mot vest:

Det går også bussar til andre stader i Voss, t.d. til Træns-skiftet. Herifrå kan ein gå til Træns-stølen, og vidare til Selset. Same veg attende. Bussen går berre mandag til fredag. Sjå i rutetabellen!



Bilete av forfattaren på stølen Løyning i 2021.

Foto: Arne Mosefinn

Viss ein går av bussen ved Nestås-krysset, kan ein gå gamle Dalavegen ned til Lunde. Dette er ein koseleg veg med mange overraskningar. Buss heim att frå Lunde eller Bulken (sjå rutetabellen).

Andre turmål:

Om morgonen går det buss til Lemme mandag til fredag. Herifrå kan ein gå til Liaset på stølsveg. Vidare på T-merka sti via Krokasetvatnet - Skorsetvatnet til Øyjordi og Framnes.

Minner og om at det går buss om lag kvar time mandag til laurdag til Brekkesvingen. Herifrå er det kort veg til Raugstad, vidare til Heggjavad og Hanguren. Det er nærmast tallause stiar å velja mellom, og Kiseldur er eit fint mål å nå.

God tur!

Korbesøk i september

Me er så heldige å få storfint besøk av kor frå Bergen to gonger i september. 11. september kjem Bergen domkor til Voss og held konsert i Vangskyrkja kl. 18. Dette er eit verkeleg godt kor og er verdt å få med seg for alle som er glade i korsong.

Sundagen etter, 18. september får me nok eit kor på besøk. Slettebakken motettkor har lagt haustturen sin til Voss og vil gjerne delta på gudstenesta i Vangskyrkja kl. 11 den 18.9. Så dei korglade har mykje flott å sjå fram til i haust!

 <p>VOSS SPAREBANK - skaper verdier for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - Tlf. 56 52 03 00</p>	 <p>MYRK DALEN myrkdalen.no</p>	 <p>Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 - med tilbod til liten og stor</p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  <p>MIA GÄVER</p>  <p>VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING</p>	<p>Me ordnar alt vedrørande dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p>VIRKE GRAVFERD</p>  <p>Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67</p>	 <p>AZETS Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourcing</p>
 <p>O.L.KYTHE AS entreprenør</p> <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p>Voss Energi <i>-rein vossakraft!</i></p>	<p>Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?</p>  <p>pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36</p>
 <p>VINJE</p>	 <p>KIWI mini pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p>GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:</p> <p>STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>
<p>Nordhordland Begravelsesbyrå AS</p> <p>VIRKE GRAVFERD</p> <p>Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no</p> <p>Stort utvalg i blomster og gravminne!</p> <p>KYRKJEVegen 1 5911 Alversund FREKAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70</p> <p>Me går saman med deg heile vegen</p>	 <p>Voss Blomster handel Tlf. 56 51 31 96</p>	<p>Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din røyrleggjar i sentrum</p> <p>Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S</p> <p>Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p>EIK SENTERET</p>	<p>VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS</p> <p><i>Vi ordnar alt vedrørande dødsfall. Kransar, oppsatsar og bårebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.</i></p> <p>Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766</p>	 <p>vått&vilt Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995</p>
 <p>VOSS MØBEL OG TREVAREVERKSTAD AS</p>	<p>Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker</p>	 <p>Anleggsgartner og trepleiar GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 - www.lillethun.no</p>
<p>HIMM</p> <p>HMV Maskin EIK Senteret Voss</p>	<p>EIK SENTERET</p> <p>Stolte tradisjonar, ny næring</p>	<p>Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 91 30 hmvgruppa.no</p> <p>Verkstad og dellelager</p>

Kyrkjelege handlingar

DØYSTE

Granvin sokn:

29.05 Evy Tveit Lillegraven
05.06 Eira Skretting Ørnes

01.05
01.05
05.05
15.05

Brynjar De Oliveira Moura
Odin Hamre Skoglund
Ask Erling Waage
Ludvig Ole Niklasson (døypt i
Førre kyrkje)
Aksel Skjervheim Gautepllass
Nils Gjøstein
Sindre Haugland
Jon Istad Bidne

Voss sokn:

30.04 Leonel Vinje-Gunneng
30.04 Alfred Wergeland Flage
01.05 Sara Høgelid-Gangdal
01.05 Elise Hatlevik Øvsthus
01.05 Emilie Nedkvitne Gravning

29.05
29.05
29.05
05.06

DØDE

Voss sokn:

26.04 Karsten Laurits Remme, f. 1925
11.05 Kjell Vaksdal, f. 1957
14.05 Aslaug Mundal, f. 1934
16.05 Johanna Røthe, f. 1938
17.05 Birger Knapstad, f. 1934
25.05 Bjørn Brekke, f. 1937
26.05 Bjørg Kjellaug Kvamme, f. 1930
30.05 Gudrun Gjøstein, f. 1921
31.05 Odd Flisram, f. 1940

Evanger og Bolstad sokn:
10.05 Borghild Bolstad, f. 1920
21.05 Ida Hernes, f. 1927
21.05 Anlaug Andersen, f. 1936

Granvin sokn:

14.05 Anne Kirsti Haugen Tveit, f. 1958

VIGDE

Voss sokn:

14.05 Kristine Gjelsten Haugen og Kristian
Bystøl
14.05 Vibekke Johannessen Rabben og
Bjørn Kjelsvik
28.05 Kristine Lund og Jarand Nedkvitne
28.05 Marte Storm Sætrang og Rune
Vevatne Kristiansen
04.06 Karoline Høstmark Stien og Marius
Mjøs

04.06

Cecilie Myklebust Helle og Kristian
Skjerve
04.06 Vibeke Lemme og Jaran Rasdal
11.06 Sunniva Bidne Horvei og Trygve Buset
Rogne
11.06 Åshild Tyssen og Henrik Bergo

Granvin sokn:

04.06 Ann-Kristin Nilsen og Bjarne Gåsøy

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- Presten** tek kontakt for å avtale ein samtalé, ofte nær dåpsdataoen.
- Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- Dåpen**. I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.

Me ynskjer alle
velkomne til dåp hjå
oss, og me står gjerne
til teneste. Ein kan
t.d. låne dåpskjole
hjå oss (sjå biletet). Ta
kontakt på tlf
56 52 38 80 eller sjå
nettsida vår
[www.voss.kyrkja.no/
dåp](http://www.voss.kyrkja.no/dåp)



INFORMASJON

Kyrkjenytt for Vossabygdene
PB 49
5701 VOSS

Gudstenesteliste

Bolstadøri bedehus:

17.07 kl 1700 Gudsteneste. Bø.

Evanger kyrkje:

31.07 kl 1100 Gudsteneste. Kvamsøe.

21.08 kl 1600 Kyrkjelydstur til Aldal. Kvamsøe.

Granvin kyrkje:

24.07 kl 1100 Gudsteneste. Arvidsson.

14.08 kl 1100 Gudsteneste. Haaland.

28.08 kl 1100 Presentasjonsgudsteneste. Haaland.

Hamlagrø bedehus:

10.07 kl 1600 Gudsteneste. Küspert.

Oppheim kyrkje:

03.07 kl 1100 Gudsteneste. Torsvik.

28.08 kl 1100 Presentasjonsgudsteneste. Torsvik.

Raundalskyrkja:

29.07 kl 1100 Gudsteneste. Arvidsson.

14.08 kl 1100 Gudsteneste. Torsvik.

Vær merksam på at det kan
kome endringar på oppsett
gudstenesteliste! Følg med i Avisa
Hordaland eller på nettsida vår:
www.voss.kyrkja.no.

Vangskyrkja:

03.07 kl 1100 Gudsteneste. Küspert.

10.07 kl 1100 Gudsteneste. Küspert.

10.07 kl 1600 Gudsteneste. Hamlagrø. Küspert.

17.07 kl 1100 Gudsteneste. Arvidsson.

24.07 kl 1100 Gudsteneste. Sandvik.

31.07 kl 1100 Gudsteneste. Sandvik.

07.08 kl 1100 Gudsteneste. Arvidsson.

14.08 kl 1100 Gudsteneste. Hellesøy.

21.08 kl 1100 Gudsteneste. Küspert

28.08 kl 1100 Innsettingsgudsteneste. Küspert.

Vinje kyrkje:

14.08 kl 1100 Gudsteneste. Arvidsson.

21.08 kl 1100 Stølsmesse på Tjødnarhovden.

Torsvik.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon
og skann denne qr-
koden anten med ein
qr-app eller via kamera
(Apple-produkter).

Aktivitetskalender

Sommarkonsertar i Vangskyrkja

- | | |
|----------|---|
| 6. juli | Ørjan Hartveit, song og Inger-Kristine Riber,
piano |
| 13. juli | Brahms trio (violin, cello og piano) –
samarbeid med Musica Nord - topp
internasjonale utøvarar |
| 20. juli | Miriam Helms Ålien, violin og Ole Christian
Haagenrud, piano - samarbeid med Musica
Nord |
| 27. juli | Oda Voltersvik og Giulio Potenza, piano. 2-
og 4-hendig piano - samarbeid med
Musica Nord |

Ope kyrkje i Vangskyrkja kvar måndag 18-21.

Tidebøn frå kl 18. Siste
gong før sommaren 11. juli.
Startar opp att 15. august.

Andre aktivitetar startar
opp att etter sommarferien.